

ÅRSMØTE

BØFJORDEN GRENDAHUS AL



TORSDAG 30.MARS 2017 KL. 20:00
I GRENDAHUSKJELLAREN

SAKSLISTE:

- ✓ KONSTITUERING
- ✓ ÅRSMELDING
- ✓ REGNSKAP
- ✓ BUDSJETT
- ✓ BINGOREGNSKAP
- ✓ INNKOMNE SAKER
- ✓ VAL

SAKER SOM SKAL TAKAST OPP MÅ VÆRE STYRET I HENDE INNAN 25.MARS

**ÅRSMELDINGA BLIR LAGT UT PÅ COOP MARKED BØFJORDEN OG PÅ
«BØFJORDNETT» I GOD TID FØR ÅRSMØTET**

DET BLIR SERVERT KAFFE & TWIST

KOM OG VIS INTERESSE FOR GRENDAHUSET VÅRT!

ÅRSMELDING 2016

BØFJORDEN GRENDARHUS AL

ÅRSMØTE TORSDAG 30.MARS 2017 KL.20.00
I GRENDARHUSKJELLAREN

SAKSLISTE:

- ✓ KONSTITUERING
- ✓ ÅRSMELDING
- ✓ REGNSKAP
- ✓ BUDSJETT
- ✓ BINGOREGNSKAP
- ✓ INNKOMNE SAKER
- ✓ VAL



TAKK FOR AT DU BRYR DEG OM GRENDARHUSET VÅRT!

Styret har i år bestått av følgende personar:

Leiar: Kay Edvin Sættem Nessæther

Nestleiar: Daniel N. Bøe

Sekretær: Hildegunn Bøe

Kasserar: Jan Gunnar Bøklepp

Styremedlem: Liv Berit Ansnes Brusethaug

Varamedlem: Linda Settemsdal

Varamedlem: Ivar Arne Bøe

Kontrollør: Edvard Settem

Kontrollør: Øyvind Magnor Bøe

Leiar i valgkomite: Heidi Solem

Medlem i valgkomite: Greta Staknes

Medlem i valgkomite: May Iren Dønheim Hovde



Aktivitet gjennom året

Vi starta året med spylardugnad som vanleg – asfalten rundt grendahuset bar preg av mykje sand og lort som hadde samla seg opp der i løpet av hausten og vinteren. Men med brannslangar og god dugnadsinnsats vart det reint og fint til slutt.



Vi starta også arbeidet med å lage eit eige skur for søppelkassane ved grendahuset – det er ei lita brannfelle at dunkane står inntil veggen på huset. Ved brann i ein av desse dunkane hadde vi fått null komma niks igjen på forsikringa! Da det er ulovleg at desse står lagra slik. Nedanfor og bortanfor flaggstonga kan de sjå at det reiser seg nokre murar – der har vi tenkt at søppelskuret skal stå. I god avstand frå sjølve huset. Steinane har vi henta frå steinbrotet til Alf Bjarte Aasgård. Arbeidet med å ferdigstille skuret tek til så snart våren er her.

Storsalen fekk ei etterlengta ansiktsløfting i sommar – da gjekk vi saman og lakkerte golvet med to strøk. Det er stor slitasje på golvet i gjennom året; fest, dans og mange arrangement gjer at golvet får røff behandling. Men med god dugnadsinnsats vart resultatet skinnande blankt!



Vi har også gjeve ytterdørene og gelenderet på verandaen eit nytt strøk med måling.

Området ved flaggstonga har vært prega av mange buskar og ugras – ikkje særleg vakkert og innbydande akkurat. Så her leide vi inn minigravar for å fjerne dei verste buskane før styret tok finpussen med jarnrive og hakker. Alt av ugras, kvistar, søppel og røter vart fjerna – og jorda vart fint planert utover. Så til våren blir det ferdigstilling av dette prosjektet.



Bøfjorden grendahus har også i år sponsa «Kaptein Sabeltann»-forestillinga i Bøklepnausta med 750,-kr. Eit kjempeflott arrangement for heile familien!

Vi har motteke 7000,- kr frå Gjensidige Halså og Tingvoll i støtte til å sette opp det nemnte søppelskuret – dei er svært positive til dette tiltaket. Vi takkar for pengestøtta! Vi fekk også 5000,- kr frå Surnadal sparebank i pengegåve. Takk! Vi fikk også 1000,-kr i kulturmidlar.

Like før jul gjekk dessverre Fredrik Garthe bort – dei etterlate ville at pengane som vart gjeve i begravelsen skulle gå til Bøfjorden grendahus - Styret takkar hjarteleg for dei 17.000,- kronene vi fekk.

I løpet av året har vi gjort ein del investeringar som vi føler har vore nødvendige:

- Vi har bytta ut dei gamle slitte stolane i kjellaren med nye. Det er ikkje særleg fint med stolar i ulike fargar og fasongar når ein f.eks skal pynte til bursdag eller barnedåp. 50 nye stolar vart kjøpt inn og det kledde verkeleg lokalet!



- Vi kjøpte inn nytt lydanlegg til kjellaren – mynta på bingoen i første omgang, men også til bruk for f.eks framsyningar og som «DJ» ved bursdagar og andre arrangement. Anlegget er slik at ein kan koble seg på trådløst med mobiltelefonen og kjøre f.eks Spotify derifrå. Genialt! Anlegget kan nyttast av alle som leier kjellaren. (Vis omhu ved bruk)
- Diverse kjøkkenutstyr er kjøpt inn etter ønske frå folk som har sakna utstyr når dei har leigd huset. Flott at de kjem med innspel!
- Det vart handla inn to nye fotballmål til storsalen da dei gamle var totalt øydelagde og ei skam for huset. Desse måla kan nyttast av alle som leier storsalen til aktivitet.

Bingoen har vore ei meget viktig inntektskjelde for Bøfjorden grendahuset i mange, mange år – og ikkje minst eit kjærkoment tilbod for eldre både her i bygda og i nabobygdene. Vi legg ikkje skjul på at det i løpet av dei siste åra har gått nedover med bingoen økonomisk. Det har vorte hardare og hardare å drifte bingoen med overskot. Difor vart det einigheit mellom bingoansvarleg (Jorunn Bæverfjord), Bøfjorden grendahus, Bøfjord IL og Hjelmen skyttarlag om at bingoen måtte leggst ned. Den siste bingoen vart ropa på nyåret.



Det er på sin plass og takke alle som har bidrege med dugnadsinnsats til bingoen i gjennom mange år. Det hadde ikkje vore mogleg å heldt på så lenge utan de som har selt mat og stått på bingoliste, Ingar Snekvik som har hatt orden på pengeskuret og innkjøp, Karen Bøklep som har ført regnskapet, Jorunn Bæverfjord som har vore bingoansvarleg og til de som har vore med på det ikkje alltid så enkle arbeidet med å få med folk på bingolista! Og til slutt ikkje minst alle som har spela bingo gjennom mange år!

No blir det opp til styret og finne andre måtar å få inn desse pengane på – det er ei utfordring som vi skal greie å løyse saman!

Styret vil også takke Eldbjørg Sættem Nessæther for jobben ho gjer som utleigeansvarleg, til Arnfinn Nessæther som utfører vaktmeisteroppgåver med stødige arm og til Nina Marie Ågård Bøe som vaskar huset. Takk alle tre!

I haust arrangerte vi Gapskrattkveld for andre gong med skjenkeløyve og sal av spekemat – det vart ein kjempekoseleg og ikkje minst artig kveld. På scena hadde vi fått med Johan Øiestad, Hildegunn Bøe, Gammelkarrainj (Lars Settemsdal og Ivar Arne Bøe), Tove Merete Schei & Tove Sundli og Odd Arne

Halaas. Det skal seiast at det var Halaas som tok salen med storm! Han var rett og slett TÅ KARRÅ! Det kom i overkant av 100 personar og i salen var det god stemning. Vi fekk dessverre ikkje så stort overskot som året før, men vi satt att med ein grei sum. Gapskrattkvelden blir sjølvstøtt arrangert komande haust også!



Grendahuset vårt er mykje utleidd i gjennom året – til mange ulike arrangement. Men vi håpar at enda fleire ønskjer å bruke huset. HUSK AT BØFJORDEN GRENDARHUS ER GRENDARHUSET FOR HEILE BYGDA!

Kjellaren er eit koseleg og praktisk lokale som passar til mangt. Ta kontakt med oss for å gjere avtale om pris. Vi blir heilt sikkert einige!

Som leiar vil eg takke styret for godt samarbeid - og eg håpar alle som er på val vil vere med i ein ny periode.



Leiar; Kay Edvin Sættem Nessæther

* * * BØFJORDEN GRENDAHUS * * *

RESULTATREGNSKAP

2016

DRIFTSINTEKTER	<u>2016</u>	<u>2015</u>
Offentlig tilstelning	6.298,00	8.700,00
Medlemstilstelning	17.400,00	12.400,00
Privat tilstelning	13.000,00	5.700,00
Bryllup/Stevner	0,00	3.500,00
Basarer/Messer	3.600,00	5.100,00
Teater/Kultur/Konsert	16.000,00	10.000,00
Bingo husleie	15.600,00	16.400,00
Idretts-/Skytearr.	4.400,00	6.100,00
Møter	14.700,00	19.800,00
Kurs	1.500,00	0,00
Trening/Trim	2.100,00	5.405,00
Utleie garderober	23.000,00	18.000,00
Utleie skytebane	10.000,00	14.000,00
Utleie kjøkken	4.400,00	1.600,00
Div. leieinntekter	1.600,00	0,00
Div. innteksbringende tiltak	44.811,00	45.844,00
Overskudd forsikring	1.716,00	4.479,00
Kulturmidler	1.000,00	1.000,00
Gave Surnadal sparebank	5.000,00	5.000,00
Gave Halså og Tingvoll Gjensidige	7.000,00	15.000,00
Minnegaver	17.000,00	0,00
Andel overskudd bingo	36.000,00	46.980,00
Sum driftsinntekter	<u>246.125,00</u>	<u>245.008,00</u>
DRIFTSKOSTNADER		
Vasking	14.900,00	16.050,00
Vaktmester	11.200,00	8.800,00
Snøbrøyting/Strøing	18.434,00	11.063,00
Forbruksartikler	3.561,00	3.956,00
Vedlikehold	10.105,00	18.150,00
Utstyr/Inventar	22.742,00	49.437,00
Telefon	0,00	1.190,00
Strøm	68.639,00	60.071,00
Forsikring	35.754,00	35.084,00
Renovasjon, vann, avløp	15.255,00	15.004,00
Adm. utgifter	3.851,00	6.483,00
Utgifter div. tiltak	26.261,00	12.086,00
Sum driftskostnader	<u>230.702,00</u>	<u>237.373,00</u>
DRIFTSRESULTAT	<u>15.423,00</u>	<u>7.635,00</u>

BØFJORDEN GREINDAHUS

FINANS	2016	2015
Årets resultat uten renter	15.423	7.635
Renteinntekter	867	269
Årets resultat inkl. renteinntekter	<u>16.290</u>	<u>7.904</u>

* * * * *

BALANSE 31.12.2016

EIENDELER	31.12.2016	31.12.2015
Sumn. Spb. Driftskonto	135.903,98	98.813,77
Sumn. Spb. 20 15510	105.671,16	104.849,69
Kundefordringer	50.466,00	59.879,84
Sum eiendeler	<u>292.041,14</u>	<u>263.543,30</u>
GJELD OG EGENKAPITAL		
GJELD		
Leverandørgjeld	30.552,64	18.345,00
Sum gjeld	30.552,64	18.345,00
EGENKAPITAL		
Egenkapital pr 01.01.	245.198,30	237.294,40
Årets resultat	16.290,20	7.903,90
Sum egenkapital	261.488,50	245.198,30
Sum gjeld og egenkapital	<u>292.041,14</u>	<u>263.543,30</u>

Bøfjorden 31.12.2016/16.03.2017


Jan Gunnar Bøklepp
Kasserer


Øyvind Magnor Bøe
Kontrollør


Edy. Sættem
Kontrollør

BØFJORDEN GRENDAHUS BUDSJETT 2017

	REGNSKAP	2016	BUDSJETT	2017
DRIFTSINNTEKTER				
Offentleg tilstelning	6298		6500	
Medlemstilstelning	17 400		15000	
Privat tilstelning	13000		10000	
Bryllup/Stevner	0		3500	
Basarer/Messer	3600		3800	
Teater/Kultur/Konsert	16000		14000	
Bingo husleie	15600		1200	
Idretts-/skytearrangement	4400		4400	
Møter	14700		12000	
Kurs	1500		0	
Trening/Trim	2100		0	
Utleie garderober	23000		23000	
Utleie skytebane	10000		10000	
Utleie kjøkken	4400		2000	
Div. leieinntekter	1600		1500	
Div.inntektsbringende tiltak	44811		83600	
Overskudd forsikring	1716		3000	
Kulturmidler	1000		1000	
Gåve Surnadal Sparebank	5000		5000	
Gåve Halså Gjensidige	7000		5000	
Minnegåver	17000		0	
Andel overskudd bingo	36000		0	
Sum driftsinntekter	246125		204500	
DRIFTSUTGIFTER				
Vasking	14900		13000	
Vaktmester	11200		12000	
Snøbrøyting/Strøing	18434		12000	
Forbruksartikler	3561		3500	
Vedlikehold	10105		8000	
Utstyr/inventar	22742		22000	
Telefon	0		0	
Strøm	68639		65000	
Forsikring	35754		30000	
Renovasjon, vann, avløp	15255		15500	
Adm.utgifter	3851		3000	
Utgifter div. tiltak	26261		20000	
Sum driftskostnader	230702,00		204000	
DRIFTSRESULTAT	15423		500	

Birgø 2016 + jan 2017

Salg av bonger	202314.-
— — 21	32963.-
— — mat	32077.-
Vekslingspenge	500.-
Premiepenge	4600.-
	<hr/>
Brukt kr.	272354.-

Utgifter

Gjester	165375.-
Husleie	16800.-
Varer	16141.-
Tilvarelse	3000.-
— — 2017	1490.-
Bonger	9401.-
	<hr/>
	kr. 212207.-
	kr. 60147.-
	" 100.-
	<hr/>
	60000.-

Grundahuset	60 %	kr 36000.-
Tidrettslaget	30 %	" 18000.-
Skyltelaget	10 %	" 6000.-
		<hr/>
		kr. 60000.-